




1	Kva for ein film frå 1979 høyrer vi ei scene frå her?
2	I kva for ein thailandsk provins låg gruva der dei unge fotballspelarane vart redda ut i sommar? Ein by i provinsen har same namn.
3	Kva for ein spelefilm frå 1959 er basert på ein roman med same namn av Eva Ramm? I filmen ser vi Inger Marie Andersen og Wenche Foss i nokre av dei sentrale rollene. Filmen er visstnok den tredje mest sette av alle norske filmar, med 1,5 mill. selde billetter.
4	<p><i>Carex</i> er planteslekta med flest norske artar, heile 112. Alle artar i denne familien liknar litt på gras, men kva er det korrekte norske namnet?</p> 
5	Kva heiter øya i East River mellom Queens og The Bronx i New York der byens største fengselskompleks ligg?
6	Kven var overhovud i Russland då landet erobra Krim i 1783?
7	Kva for ein Oscar-vinnande skodespelar bidrog sterkt til at aerobics kom på moten på 80-talet, ved bl.a. å gi ut over 20 treningsvideoar som til saman selde meir enn 15 millionar eksemplar.
8	<p>Kva for ei nordamerikansk indianarstamme har i meir enn 150 år vore kjent for slike tepper med geometrisk mønster?</p> 
9	Kva for ein kremost frå Tine består av 80 % geitemelk og 20 % kumelk, og vart lansert ved OL på Lillehammer i 1994?

10	<p>Kva for ein svensk forfattar og illustratør, fødd 1874, er kjent for ei rekke barnebøker, dei fleste både teikna og skrive av henne sjølv. Ofte framstiller ho plantelivet som små menneskeliknande vesen, som vi ser her frå <i>Putte i blåbærskogen</i> (1901).</p>	
11	<p>Kva heiter grunnleggjaren av Forsøksgymnaset i Oslo? I tillegg til å vere skuleleiar var ho også engasjert i politikk, og hadde mange verv i og for SF/SV. Kongens fortene-medalje i gull 1991.</p>	
12	<p>Kven vann i 2005 tredje sesong av Idol? I fjor såg vi henne konkurrere i <i>Skal vi danse</i>.</p>	
13	<p>Kva for ein bergart av vulkansk opphav består formasjonane av som utgjer Giant's Causeway langs Antrim-kysten av Nord-Irland?</p>	
14	<p>I kva for eit land ligg Voltasjøen?</p>	
15	<p>I gresk mytologi, kva for ein helt var den tapraste av alle trojanarane under grekarane si beleiring av bystaten Troja? Han var sønn av kong Priamos og Hekabe.</p>	
16	<p>Denne kvinna arbeider no i Trigger som rådgivar, og har tidlegare vore redaktør for Kvinneguiden.no og Foreldre.no. Ho har drive med blogging og har skrive fleire bøker, bl.a. <i>Juksekokeboka</i> (2013). Ho er også kjent for å ha utvikla ein matboks som er kjent under namnet hennar. Kva heiter ho?</p>	
17	<p>Kva for eit dynasti regjerte i Kina for 2018 år sidan?</p>	
18	<p>Skivoks kjem i to typar: HF og LF. Kva for eit stoff er det meir av i HF-skivoks enn i LF-skivoks?</p>	
19	<p>Kva for eit fransk versemål som består av ein seksfota jambe har fått sitt navn fra et heltedikt om en krigarkonge i om lag 1180? Både Holberg og Wessel nytta dette versemålet, til dømes i <i>Peder Paars</i> og <i>Kierlighed uden strømper</i>.</p>	
20	<p>Med namn frå ein frukt, kva kallar vi eit vedtak Stortinget gjer når dei vil kritisere ein statsråd utan å gå så langt som å uttrykkje mistillit?</p>	

21	Med eit ord fra swahili, kva heiter selskapsspelet som består av eit tårn med treklossar som skal fjernast ein og ein uten å velte tårnet?	
22	Kva nasjon har spelt finale eller bronsefinale i alle VM i fotball for kvinner sidan det første meisterskapet vart arrangert i 1991?	
23	Kva kallar typografar majusklar som har høgd som minusklar, eller sagt på vanleg norsk: Kva kallar vi store bokstavar som er like høge som små bokstavar, altså at dei ser ut SLIK SOM DETTE, ikkje SLIK SOM DETTE.	
24	Kva heiter bloggforfattaren som er kjent under namnet Komikerfrue?	
25	Kva står dette ikonet for?	